



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjerådet, Mellomkyrkjeleg råd, Samisk kyrkjeråd

UKM 08/07

Konsekvensar for ungdom av fråsegna frå lærenemnda i homofilisaka.

Eitt vedlegg

Saksframstilling

Bakgrunn

I januar 2006 presenterte Lærenemnda fråsegna *Skriftforståelse og skriftbruk med særleg henblikk på homofilisaken*. Kyrkjerådet valde å leggje fråsegna frå Lærenemnda fram for Kyrkjemøtet 2006 som ei orienteringssak. I saksframstillinga (sak KM 03.3./06) blir det sagt at KR, etter ei utgreiing av ulike sider ved saka, vil leggje henne fram for KM 2007 til realitetsbehandling og eventuelle vedtak då eller på seinare kyrkjemøte.

Ungdommens kyrkjemøte og oppfølging av fråsegna frå Lærenemnda

Ungdomsrådet i Oslo bispedømme har fremja forslag om å behandle homofilisaka på Ungdommens kyrkjemøte 2007 både for å gi bakgrunnsmateriale til KM 2007 og for å si noe om hvordan dette påvirker unge i kirken og hva vi som ungdom ser på som de viktigste sidene ved denne saken.

Sidan KR ikkje er ferdig med si førebuing av saka, vil behandlinga i UKM skje relativt uavhengig av det. Biskop Per Oskar Kjølås innleier og gir ein nærmare presentasjon av fråsegna frå Lærenemnda. Ufung synest det er viktig at UKM kan gjere sitt til at KM tek omsyn til eit breitt ungdomsperspektiv i denne saka.

Derfor føreslår Ufung at drøftingane i plenum og arbeidet i komiteen konsentrerer seg om kva det betyr å leve som ung i ei kyrkje der det er usemje i lærespørsmålet om homofilt samliv. Korleis kan ungdom vere opne, respektere og ha dialog med kvarandre og andre delar av kyrkjelyden/organisasjonen i denne saka? Her ligg absolutt òg utfordringar til kyrkjeleiarane om å ta vare på ungdommen og ungdomsmiljøa. Kan UKM kome med nokre innspel til kyrkjeleiarane?

Behandlinga i Lærenemnda

Lærenemnda har behandla spørsmålet *skriftforståelse og skriftbruk med særleg henblikk på homofilisaken*: Korleis skal vi lese Bibelen, og korleis skal Bibelen påverke haldninga vår til medmenneske som vel å leve i lag i homofilt partnerskap? Lærenemnda har ikkje behandla alle sidene ved homofilisaks spørsmålet og det å vere homofil i kyrkja.

Medlemmane i nemnda er einige om at Skrifta (= bøkene i Bibelen), som fortel oss om korleis Gud har gjort seg synleg i Jesus, skal bestemme kva kyrkja skal lære, kva som skal forkynnast, og korleis den døypte skal leve. Men alle i kyrkja må alltid arbeide på nytt med korleis vi skal lese og forstå Skrifta i dei mange spørsmåla ho vil gi svar på, for måten vi lever på, og ramma for livet vårt endrar seg jo heile tida. Nemnda er stor sett einig om at dei skriftstadene som omtaler homofili, avviser homofilt samliv, men nemnda er delt på midten i spørsmålet om Skrifta samla sett avviser eller opnar for at homofilt samliv er etter Guds vilje.

Heile Lærenemnda understrekar at det er viktig å lytte til dei homofile og livssituasjonen og erfaringane deira, og at samtalen må vere slik at alle blir respekterte som medkristne.

Den delen av nemnda som godkjenner homofilt samliv i partnerskap, viser til at Jesus Kristus er sentrum i Skrifta. For å forstå og å bruke bibelstader er det derfor avgjerande å prøve utsegnene og haldningane i Bibelen på Jesus Kristus. Når det gjeld homofilt samliv i regulert partnerskap, er det særleg viktig å halde fram dette prinsippet. Her handlar det ikkje om ein intellektuell diskusjon, men om menneske, livet deira og om avgjerande vilkår for korleis kvart menneske forstår seg sjølv og sitt tilhøve til Gud. Nestekjærleiksbodet (Luk 10,27) er universelt og allment og peikar på at kvart bod må lesast for seg i lys av dette bodet. Skapingsforteljingane grunngir ekteskapet mellom mann og kvinne, men utelukkar ikkje andre former for samliv. Det er fordi desse gammaltestamentlege forteljingane hovudsakleg er opptekne av forplantning og vidareføring av slekta. Trass mangfaldet i utsjånad, utrustningar, alder, kjønn og seksualitet er alle skapte i Guds bilete. Sidan vi er skapte i same bilete, ser denne gruppa at det ikkje kan vere eitt sett levereglar (etikk) for heterofile og eit anna for homofile. Derfor må vi godkjenne forpliktande homofilt samliv (partnerskap), at homofile par kan leve som sant truande, og at dei kan få fullt ansvar i kyrkja.

Den delen av nemnda som ikkje godkjenner homofilt samliv, viser til at det er nær samanheng mellom tekstane i Skrifta, og at dei skriftstadene som handlar om homofilt samliv, ikkje skal setjast opp mot kjærleiksbodet. Også denne gruppa understrekar at Jesus Kristus er sentrum i Skrifta. Jesus gir rettleiing for det livet vi er kalla til: *Den som elsker meg, held fast på ordet mitt* (Joh 14, 23). Jesus er ikkje berre frelsar, men han rettleier den døypte til eit liv etter Guds vilje. Jesus lyftar fram kvart mennesket og har eit særleg auge for grupper i samfunnet som har det vanskeleg eller er utstøytte. Samtidig tek han eit oppgjer med handlingar som strir mot Guds vilje. Alle tekstar er opne for nye tolkingar og kan få ei utvida meining i nye situasjonar. Men det blir problematisk dersom ein tilpassar og bruker tekstar slik at dei strir mot den openberre meininga i Skrifta. Då kan vi lett redusere Skrifta frå å vere Guds ord som skal ha det siste ordet, til å vere ei blant fleire kjelder til korleis vi skal tenkje og leve. Vi må forstå orda om seksuelle handlingar i Det nye testamentet i lys av Jesu ord om ekteskapet. Det er Gud som i skapinga har ført kvinne og mann saman i ekteskapet, og det seksuelle samlivet høyrer heime innanfor denne ramma. Det er eit grunnleggjande perspektiv at mennesket er skapt i Guds bilete, og at mennesket derfor står i eit personleg tilhøve til Gud overfor medmenneska sine og i forvaltninga av ressursane på jorda. Det gir alle menneske ein ukrenkjande verdi, og slik får kvart menneske ansvar for å leve etter den rettleiinga som Skrifta gir for konkret livsførsel.

Dei ulike partane i nemnda, og tilsvarande i Bispemøtet og i KM, grunngir standpunkta sine ut frå Skrifta. Usemja i vurderinga av homofilt samliv i partnerskap er slik sett "likeverdige" og svært alvorleg for eit trussamfunn. Men ei samla nemnd seier at usemje i eit så viktig etisk spørsmål ikkje treng å føre til at kyrkja blir splitta. Men halvparten av nemnda meiner at to heilt ulike syn på homofilt samliv ikkje kan vere retningsgivande for læra, ordningane (til dømes tilsetjingar) og liturgien i kyrkja. Lærenemnda understrekar at det er eit felles ansvar for alle i kyrkja å handtere dei belastningane ulike syn fører med seg, og peikar på at vi ikkje må skjule eller kneble meiningsforskjellane, men heller ikkje overdramatisere dei.

Å leve med usemje i lærespørsmål

Same kva Kyrkjemøtet kjem til å bestemme i denne saka, vil vi erfare at det er usemje i synet på lærespørsmål. Kristne meiner forskjellig i denne saka, leiarar vil handtere problema som dukkar opp, ulikt, og dei som kjempar for at det eine eller det andre synet skal få mest gjennomslagskraft, vil framleis arbeide for si sak. Det vil ein kunne erfare noko ulikt ut frå kva KM vedtek, men like fullt kjem det framleis til å vere usemje. Lærenemnda seier at usemje i eit så viktig etisk spørsmål ikkje treng å føre til at kyrkja blir splitta, så korleis kan vi leve med det på ein best mogeleg måte? Korleis kan vi ta omsyn til og leve med respekt for kvarandre?

Utfordringane gjeld både oss sjølv og leiarane i kyrkja.

Korleis lever vi med usemja i ungdomsmiljøa våre? Det gjeld ikkje berre ei sak, det kan gjelde til dømes meg sjølv eller ho som står ved sida av meg og syng i koret. Korleis opplever andre haldningane våre, og korleis viser dei seg? Og dersom nokon i eit ungdomsmiljø har eit syn i lærespørsmålet som er motsett av synet til fleirtalet, blir dei respekterte? Vågar dei i det heile å kome fram med det?

Korleis ønskjer vi at leiarane i kyrkja handterer det? Kven er det som skal ha mynde til å bestemme? Korleis maktar leiarane å leve med usemje slik at det ikkje går ut over ungdommane og ungdomsmiljøa? Mange unge erfarer at spørsmålet om homofilt samliv og dei kyrkjepolitiske konsekvensane av det ikkje engasjerer dei på same måten som dei eldre generasjonane. Det er døme på at meiningane til leiarane i denne saka får ei dominerande merksemd som ein eigentleg ikkje ønskjer seg i ungdomsmiljøet. I denne saka gjeld det både teologi og samvit. Samvitet til ein leiar eller prest er viktig og skal respekterast. Ein kan til tider oppleve det som om samvitet til ein ungdom ikkje er like viktig. Har til dømes ein ny prest rett til å overstyre og forandre det som har fungert bra i ein ungdomsklubb? Kan den lokale leiaren bestemme om ein samlevande homofil kan vere med å leie ungdomskoret, eller kan ein tenkje seg at det blir vedteke køyrereglar sentralt som ein kan rette seg etter lokalt?

Kristne ungdomsmiljø vil måtte ta del i både gode og vonde sider ved å høyre til i eit kriste fellesskap og vere ein del av kyrkja. Men det er viktig at leiarane i kyrkja arbeider med korleis ein på ein god måte skal handtere usemja i eit lærespørsmål der mange er så sårbare. Kanskje vi kunne trenge ein ver-varsam-plakat med nokre enkle reglar både for ungdom og for leiarar? Kan vi klare å leve med usemje i respekt og omsorg for kvarandre?

Utfordringar, tema til samtale

Kva betyr det å leve som ung i ei kyrkje der det er usemje i lærespørsmålet om homofilt samliv?

Korleis kan vi skape ungdomsmiljø der vi møter kvarandre ope og med respekt?

Leiarane i kyrkja har ei utfordring i å ta vare på ungdommen og ungdomsmiljøa i dette spørsmålet. Kva innspel kan UKM gi?